

HOLON
Sunniva Skålnes Samdal
Kanalveien 11
5068 Bergen

Saknr.: 20-001 **Kommune:** Alver **gbnr.:** 81/1 m.fl. **Gardsnamn:** Risøy **Dykkar ref.:** plan-ID
1263_200808

Varsel om oppstart av reguleringsendring for del av gnr. 81 bnr. 1. m.fl. Risøy, i Alver kommune

Dokumentliste:

Dok. nr.	Inn/ut	Dato	Avsendar/mottakar	Planstatus	Saksh.
2020/	Inn	10.01.2020	HOLON v/Sunniva Skålnes Samdal	Varsel om oppstart av reguleringsendring	SMV

NGIR har mottatt varsel om oppstart av reguleringsendring, og har følgjande merknader:

Stad- og tilkomst for henting av avfallsdunkar:

I Alver (og NGIR området forøvrig) kommune har kvart einskild hushald rett til å kunna setja fram opptil to dunkar (to fraksjonar) til levering av avfall kvar veke. Det er viktig at det vert sett av tilstrekkeleg areal for hentestad(ar) for dunkane. Ved felleisløysingar må behaldarar som gjev same volum pr. hushald veljast. Det bør vurderast moglegheit for nedgravde avfallsløysingar. I tillegg er det viktig at tilkomstvegar – til hentestadar – har tilstrekkeleg breidde og tåler tilstrekkeleg akseltrykk, slik at renovasjonsbilen kan nytta dei. Hentestadane bør liggja i eit område som er plant, og renovasjonsbilen må kunna gjera operasjonar utan å vera til hinder for anna ferdsel. Renovasjonsbilen bør kunna snu ved hentestadane. Alternativt må ein ha gjennomkøyringsvegar (for å unngå rygging). Leikeplass og liknande bør ikkje liggja i nærleiken av hentestadane. Tilkomstvegar og snuplassar bør ha fast toppdekke, og verta brøyt når det er snø og is.

Kjevikdalen 13. januar 2020



Siv-Merete Vedå
-kunderådgjevar -